

Bø SV med fire nye namn

Bø SV har klar vallista si til kommunevalet 2015. På dei tre første plassane står Per Atle Einan (medlem av kommunestyret i dag), Heidi Troneng (medlem av kommunestyret og formannskapet i dag) og Morten Rask Arnesen. Dei to første plassane på lista er kumulert. Bø SV har to plassar i kommunestyret i dag. Til saman seks menn og åtte kvinner er nominert og nye kandidatar er Torbjørn Børte, Hilde Kari

Skaftnesmo, Torfinn Forberg og Shea Sundstøl. SV sine kandidatar står oppført som følgjer: 1. Per Atle Einan, 2. Heidi Troneng, 3. Morten Rask Arnesen, 4. Liv Kristin Løvoll, 5. Øyvind T. Gulliksen, 6. Ellen Schruppf, 7. Per O.M. Isaksen, 8. Vigdis Olafsen, 9. Torbjørn Børte, 10. Ragnhild Aarrestad, 11. Hilde Kari Skaftnesmo, 12. Torfinn Forberg, 13. Shea Sundstøl, 14. Hildegunn Myrene Kvalvaag.

Nytt styre i Bø Høgre

Bø Høgre har nyleg hatt årsmøte, der nytt styre blei valt. Jan Lepperød fortset som leiar og har elles med seg Bente Dysthe, Asbjørn Botnen, Kristin Kleppen og Anita Kristensen som styremedlemmar. Vara er Anne Carine Nilsen, Lars Einar Næs og Signe Dalen.

Store kommunar – fle



KOMMUNEREFORMA

Før helga la kommunalminister Jan Tore Sanner fram stortingsmeldinga om potensielt nye oppgaver til kommunane. Som signalisert tidlegare kan storkommunar få fleire oppgaver.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Regjeringa ønskjer å flytte makt og mynde nærmare innbyggjarane, skriv kommunaldepartementet i ei pressemelding.

– Me vil ha betre velferdstenester og levande lokalsamfunn, sa statsminister Erna Solberg som var med på presentasjonen av stortingsmeldinga.

– Dette vil vere den største samla flyttinga av oppgaver til kommunane nokon sinne, sa Sanner.

Tannlege og rehabilitering

Dei tenestene som blir foreslått overført til kommunane er blant anna: tannhelsetenesta, rehabiliteringstenester, humanistiske vigslar, forvaltningsansvar for deler av regelverket for jakt og fiske og enkelte oppgaver etter ureiningslova samt ein del tilskot innan jord- og skogbruk.

Vidare skal varig tilrettelagt arbeid i skjerma sektor og ordinær bedrift utgreiast med sikte på overføring. I tillegg kan det setjast i verk ei forsøksordning der

driftsansvaret for distriktspyskiatriske senter blir overført til nokre forsøkskommunar som har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.

Det er sett i gang eit arbeid for å sjå på kva rolle større kommunar kan ha i lokal nærings- og samfunnsutvikling. Dette vil bli sett i samanheng med vidareutviklinga av fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar.

Vidaregåande skular

I den førre store kommunesamanslåinga for 50 år sidan var opprettinga av niårig skule grunnen til at kommunane vart slått saman. I dag har kommunane barnehagar og grunnskular, medan fylkeskommunen har vidaregåande skular. Det blir ikkje foreslått å leggje vidaregåande til kommunane, men det blir opna for at dei største kommunane kan overta ansvaret, men det må vurderast i kvart tilfelle.

Det vil også bli utgreia om dei største kommunane kan ta over skuleskyss og kollektivtransport.

Barnevern

Det er sett i gang eit arbeid med å endre ansvarsfordelinga mellom stat og kommune i barnevernet. Planen er at endringane blir behandla i ein eigen lovproposisjon som blir lagt fram for Stortinget våren 2017. Det blir også arbeidd med å overføre familievernkontoret.

Det går også fram av stor-

tingsmeldinga at ein ønskjer å gjennomgå den statlege styringa av kommunane for å redusere detaljstyringa.

Skatteoppkrevjarfunksjonen, som regjeringa ønskjer å sentralisere, er ikkje nemnd.

Fylkeskommunen

Mange av oppgåvene som regjeringa vil flytte over til kommunane er i dag fylkeskommunale. Stortinget har bede regjeringa gå gjennom det regionale folkevalde området, det vil seie fylkeskommunen. Det har fått Møreforsking til å utarbeide ein rapport.

– Ei overordna vurdering er at jo færre kommunar det blir, jo større bør regionane bli, står det i meldinga.

Regjeringa sitt mål er å gjennomføre kommunereforma og endringar i regionalt folkevald nivå samtidig, slik at både nye kommunar og ny regional inndeling kan setjast i verk frå 1. januar 2020.

Ifølgje meldinga tek ein sikte på å leggje fram ein samla lovproposisjon om nye oppgaver til kommunane våren 2017, samtidig med forslag om ny kommunestruktur. Sommaren 2015 vil fylkeskommunane bli invitert til å innleie drøftingar av samanslåingsalternativ. Planen er at fylkeskommunane skal fatte vedtak hausten 2016 slik at den fylkeskommunale strukturen kan tilpassast ei ny kommunestruktur.



Ja til å vurdere kommunegrensar

Sauherad kommunestyre sa i førre veke ja til å vurdere både Bø og Notodden som partnarar. Grensejusteringar i dei aktuelle kommunane skal konsekvensutgreiast.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Kommunestyret i Sauherad takkar ja til både invitasjonen frå Notodden og Bø. Ifølgje ved-

taket skal det også gjerast ei konsekvensutgreiing for den enkelte kommune ved eventuelle grensejusteringar. Forslaget om grensejusteringar kom frå kommunestyrerepresentant Aslaug Norendal (V).

Ikkje delt på midten

– Eg håpar ikkje Sauherad blir delt på midten. Det har eg ikkje tenkt på og eg trur ikkje det vil skje, seier Aslaug Norendal.

Ho er kommunestyrerepresentant for Venstre i Sauherad.

I kommunestyremøtet i førre veke fremja ho forslaget om at det måtte gjerast konsekvensutgreiing for grensejusteringar i den enkelte kommune i samband med forprosjekt om kommunesamanslåing.

– Dersom ein må velje mellom konstallasjonar der Bø eller Notodden inngår, så kan det føre til at nokre i utkantane kjenner seg misnøgd, forklarar Norendal.

Dersom det blir ei samanslåing der Bø og ikkje Notodden er

med, trur ho at folk på Hjuksebø ikkje vil føle tilknytning til Bø.

– Det er kanskje rett, og det må me ta omsyn til, meiner Norendal.

Det seier ho er viktig for Venstre. Men kva som skjer dersom det blir samanslåing med Notodden og Gvarv-folk vil til Bø har ho altså ikkje tenkt på.

Tenester og skulestruktur

– Eit forprosjekt vil fokusere på sentrale spørsmål av meir politisk karakter, for eksempel kvar

ulike tenester blir lokalisert, vil det bli sterkare fagmiljø og betre tenester, kva skjer med skulestrukturen, kven sal arbeide kvar og så vidare.

Det skriv rådmann Hans Erik Utne i saksomtala. Han har ei lang liste, men skriv at den ikkje er komplett.

– Lista er meint som grunnlag for politisk diskusjon, skriv rådmannen.

Utne skriv at arbeidet vidare må ha politisk forankring i alle dei deltakande kommunane.